

## Referat

### Arbeidsgruppa for samarbeid om helse- og sosialfag

Møtedato: 19. oktober 2020 kl 12:30 – 14:30. Innkalling i Teams

Deltakarar: Einar Engebretsen (UiS), Randi Bergem (HVO), Per Einar Binder (UiB), Ida Nagel Fredriksen (Studentrådet), Anne Grethe Naustdal (HVL) og Ingrid Hovden Stava (HVL, sekretær)

Forfall: Anita Lyssand (VID), Jorunn Gjedrem (UiA),

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling med sakliste	<a href="#">Referat frå møte 28. oktober 2019</a> Godkjend via e-post	Godkjenne innkalling og sakliste med eventuelle endringar.	Anne-Grethe Naustdal	10 min
Referat:		Presentasjon av deltakarane		
2/20 Kompetansehevingsprogram for studieprogramleiiing innan helse og sosialfag	Handlingsplan for arbeidsgruppa for samarbeid om helse- og sosialfag 2019-2021  Innvilga søknad	Planlegge program og gjennomføring av kompetansehevingsprogrammet.	Felles drøfting	40 min

**Referat:** Me søkte om midlar til to prosjekt, og fekk innvilga til saman 250.000 for 2020. Desse midlane vil me få overført til 2021. Planen er eit bra utgangspunkt, så det er berre til å få rigga ei samling til våren 2021.

**Studieprogramleiiing:**

Det vart gjort ei avklaring på kven som er aktuell målgruppe; studienær, vitskapleg stilling. Det er og viktig å involvere formell leiar for å forankre arbeidet i institusjonen. Dei ulike institusjonane skal melde inn eit namn på personar, t.d. programansvarlege/koordinatorar, som kan vera aktuelle til å jobbe med dette/lage eit fagleg program. Om dei melde inn personar i 2019 må dei sjekke om dei framleis er aktuelle. I tillegg skal studentrepresentant Ida N Fredriksen delta i gruppene. Anne Grethe/HVL kallar

inn til fyrste møte i arbeidsgruppa for programleiing og presenterar planen. Dei skal finne opplegg, og lage seminar for vår og haust 2021. Tanken er fysisk møte seint på våren, mai/juni + tidleg på hausten med maks 30 deltakarar. Forslag om å nytte Dag Husebø som innleiar i samlinga, og ha fokus på nettverksbygging. Dei bør og sørgje for ein plan B (digital/hybrid) grunna Covid-19. Per Einar/UiB tek ansvar for det praktiske rundt gjennomføring av seminara, det er mest praktisk då Birgit Falck i UH Nett Vest jobbar ved UiB.

**Kvalitet i praksis:**

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe etter same modell som studieprogramleiing. Einar/UiS kallar inn til fyrste møte før jul.

*Aktuelle tema:*

Refleksjonsdeling etter pandemien. Kva har påverka teorigrunnlaget? Korleis har dei ulike institusjonane løyst praksis under pandemien? Kva kan tas med i ordinær drift? Konfidensialitet, korleis skaffe praksisplassar, digital rettleiing. Me har fått midlar til overnatting og forelesar, resten skal dekkast av institusjonane.

Deltakarar i begge arbeidsgrupper kan leggjast inn i Teamsrommet me har oppretta, med kvar sine kanalar, så har me og oversikt.

<p><b>3/20</b> <b>Samarbeid på Vestlandet</b></p>	<p>Handlingsplan for arbeidsgruppa for samarbeid om helse- og sosialfag 2019-2021</p>	<p>Diskutere vidare saka om samarbeid om utdanning og læring på tvers av institusjonane. Er det tema i lys av pandemien som vi no burde ta tak i?</p>	<p>Ta avgjer kring minst eit tema for samarbeid og fastsette tiltak  Felles drøfting</p>	<p>20 min</p>
---	---	---	--	---------------

**Referat:** Semje om å gjennomføre eit kortare webinar, 1-2 timar, hausten 2020.

*Forslag til tema:*

- Konfidensialitet. Når ein jobbar med IT skal ein ha ein paranoid beredskap, og ein kan ha fokus på å laga gode digitale løysingar.
- Samtaletrening digitalt, dele på undervisningsopplegg, skape arena for å dele. Deling som drivkraft, lokalt.
- Opprettheld vi det samme læringsutbyttet, eller endrer det seg når det blir digitalt? Har erfaring fra eksamensresultat gitt ein annan type læring? Erfaring at fleire studentar fekk A, B, D, E, ikkje så mange C. Når det digitale blir den nye normale? Kva betyr det for korleis me lagar læringsutbytta?
- Døme på Læringssti, modell for læring for studentar (podcast, osb). Heilskapleg pedagogisk tilnærming til undervisninga. Katrine Aasekjær/HVL, og Ingvild Sande Lillebø/HiVolda.
- Fokus på universell utforming av undervisningsopplegg.

Læringssti blir fyrste webinar ut, i november/desember. Anne Grethe/HVL og Randi/HiVolda følgjer opp.

Følgjer opp erfaringar til neste møte.

<b>4/20</b> <b>Orienteringar frå institusjonane</b>		Tema vi bør følge opp i lys av det som kjem fram?	Alle	30 min
<p><b>Referat:</b> UiB: Er i innspurten på RETHOS psykologi. Opptekne av god digital undervisning, meningsfull studiesituasjon. Kanskje meir på disiplin faga enn profesjonsfaga for tida. Psykologisk fakultet planlegg oppstart av master spes.ped, som det har vore stor interesse for. Vidare jobbar dei med RETHOS barnevern, master barnevern, fellesprosjekt for helseleiarutdanning.</p> <p>Studentar: Studentane er redde for praksis, kva som skjer om dei mistar dagar. Har måtte masa for å få omgjort skuleeksamen til heimeeksamen. God samhandling i studentgruppa til UH nett vest, låg terskel for å ta opp saker. Skulle ha reist på studietur til utlandet, men kommer til å reise saman til Norge. (Trondheim).</p> <p>HiVolda: Studentane er i praksis no, det har gått fint så langt. For tida er det seminar for praksisplassane. Dei jobbar og med RETHOS og arbeid med nye emneplanar barnevern, og master i barnevernsfagleg arbeid. Fokus på eit godt fagmiljø på det juridiske innan barnevern. Skape nettverk for juristar i UH nett vest? Har starta eit samarbeid om master i helseleing, med NTNU og Molde, driven av NTNU.</p> <p>UiS: Utfordringar med store nok rom, har undervisning på kveldstid. Ny strategiplan for UiS, fakultetet er i sluttfasen. Jobbar og med RETHOS barnevern, og har starta bachelor i psykologi, gode studenttal.</p> <p>HVL: Har framleis stab på beredskapsgruppa, som tek opp saker kring praksis, eksamen osv. Praksis er særleg utfordrande. har avtalar med rundt 60 kommunar, som alle har sin eigen avtale. Jobbar tett med KS for å løyse dette. Er i prosess med akkreditering og etablering av 3 nye masterar: allmennsjukepleie for kommunehelsetenesta, master i klinisk sjukepleie, stomi, uroterapi, master i relasjonelt arbeid, familierapi. I bachelor vert det jobba med desentraliserte modellar. Erfaring med RETHOS-innføring denne hausten, jobbar med å samkøyre oss og hente ut synergieffektar av det.</p>				
<b>5/20</b> <b>Ymse</b>				10 min
<b>Referat:</b>				

**UH-nett Vest  
Styret**